

CV - Erik Solheim

Erik Solheim er truleg den einaste statsråden i verda som kombinerer oppgåvene som miljø- og utviklingsminister. Føremålet er å kunne ta nasjonale og internasjonale initiativ som ser utvikling og miljø i samanheng.

Klima og miljø

Det viktigaste resultatet han har oppnådd som statsråd, er nok det norske klima- og skoginitiativet. Noreg samarbeider tett med Brasil, Indonesia, Guyana og andre land om bevaring og berekraftig bruk av regnskogar. Initiativet har vekt internasjonal interesse og spelt inn i klimaforhandlingane (REDD+).

Solheim har òg fått på plass naturmangfaldslova, av mange karakterisert som den viktigaste miljølova i Noreg på 100 år. Han har gjennomført vern av ei rekkje nasjonalparkar og Oslomarka. Solheim leidde det norske arbeidet i klimaforhandlingane på fire toppmøte frå Bali til Cancun. Han var sentral i arbeidet med ein internasjonal avtale om naturmangfald i Nagoya i Japan i 2010.

Fredsarbeid og utvikling

Norsk bistand har under Solheim auka til éin prosent av bruttonasjonalinntekt, noko som er det høgaste talet i verda. Solheim har samtidig ført bistanden i ei meir politisk retning ved å leggje vekt på førebygging av konflikhtar og på arbeid for kapital, skatt og næringsliv som motorar for utvikling, i tillegg til å integrere bistanden i den samla utanrikspolitikken og arbeide for at utviklingsland får kontroll over eigne inntekter gjennom programma Olje for utvikling og Skatt for utvikling. Solheim legg vekt på rolla privat sektor speler for utviklinga.

Frå 2000 til 2005 var Solheim den leiande tilretteleggjaren i fredsprosessen på Sri Lanka. Fredsprosessen leidde fram til våpenkvileavtale og den såkalla Oslo-erklæringa om ein føderal stat på Sri Lanka. Solheim har òg vore involvert i fredsprosessane i Sudan, Nepal og Burundi. Han var den første europeiske ministeren som besøkte Zimbabwe etter at den historiske samlingsregjeringa vart danna. Han har besøkt Myanmar tre gonger for dialog med opposisjon og regjering. Solheim har òg teke initiativ til et breiare norsk samarbeid med Latin-Amerika.

Politikk

Solheim var stortingsrepresentant for SV frå 1989 til 2001. Han var partileiar frå 1987 til 1997. Dei mest sentrale temaa i perioden hans som leiar var å omforme partiet til det viktigaste norske grønne partiet. Han arbeidde òg med å endre norsk sosialisme etter at

den kalde krigen var slutt, og byrja å førebu partiet på å sitje i regjering. Solheim leidde Sosialistisk Ungdom frå 1977 til 1980. Han var partisekretær for SV frå 1981 til 1985.

Fakta

Fødselsdato: 18. januar 1955

Bustad: Oslo

Familie: Gift, fire barn; Øyvind f. 1986; Mari f. 1989; Aksel f. 2001 og Sofie f. 2005.

Utdanning: Cand.mag. (historie og samfunnsfag), Universitetet i Oslo

Interesser: Bøker, særleg historie og krigslitteratur. Friluftsliv og idrett, spesielt fotball.

Brukar nesten all ledig tid med familien.

Har skrive to bøker: «Den store samtalen» og «Nærmere», i tillegg til at han har bidrege til ei rekkje store tidsskrift og publikasjonar.

Utmerkingar

«Champion of the Earth» – FNs miljøprogram (UNEP).

«Hero of the Environment» – det internasjonale magasinet Time.

Verv

2007 - Miljø- og utviklingsminister

2005 – 2007 Utviklingsminister

2000 – 2005 Spesialrådgjevar i Utanriksdepartementet som fredsmeklar på Sri Lanka

1989 – 2001 Stortingsrepresentant for Sosialistisk Venstreparti

1987 – 1997 Leiar for Sosialistisk Venstreparti

1981 – 1985 Partisekretær for Sosialistisk Venstreparti

1977 – 1980 Leiar for Sosialistisk Ungdom